



Aksel Øvsthus  
Øvsthusvegen 43  
5282 Lonevåg

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/2264 - 22/17159

Saksbehandlar:  
Martin Ivar Henden  
Martin-Ivar.Henden@osteroy.kommune.no

Dato:  
07.07.2022

## Tildeling av fellingsløyve på hjort 2022.

### Administrativt vedtak:

Saknr: 199/22

### Vedtak

«Osterøy kommune tildeler fellingsløyve for hjort i 2022 med heimel i Forskrift om forvaltning av hjortevilt §18. Det blir tildelt etter teljande areal, jf. § 9 og minsteareal, jf. § 6. For 2022 vert felling av dyra fordelt etter følgjande kategoriar og %:

Kalv	30%
1½ år hodyr og vaksne hodyr	40 %
Spissbukk	15 %
Vaksen bukk	15 %

Minste areal for valda er endra i samsvar med forvaltningsplan for hjort vedteken i møte i plan- og teknisk utval 29.06.2022.

Tildeling av fellingsløyva blir sendt ut elektronisk frå hjorteviltregisteret til valdansvarleg.»

## **Saksutgreiing:**

Osterøy kommune har no tildelt fellingsløyve på hjort for jakta 2022 og sender ut tildelinga elektronisk frå hjorteviltregisteret. Kommunen oppmodar om vidareformidling av tildelinga til jaktfelt og jaktleiar.

Det er i alt tildelt 742 løyver i kommunen for komande jaktsesong. Tildelinga er ein stor auke i tal dyr frå 2021 som då var 412 dyr.

Årsak til auken er vesentleg eit resultat av endring av minstearet til 200 daa pr. dyr som vart vedteken i plan- og teknisk utval sitt møte 29.06.2022. Bakgrunn for endringa er kommunen sit overordna mål om bestands reduksjon.

Minstearealet dannar utgangspunkt for løyvetildelinga til valda.

## **Løyvetildeling – fordeling på kjønn og alder.**

Kommunen sitt overordna mål om å redusere bestanden, er fastsett i vedteken forvaltningsplan for hjort for 2022-2025 og utgjer rammene for tildelinga både når det gjeld tal løyver og fordeling mellom kjønn og alder. Det er lagt vekt på tildeling av kalf og produksjonsdyr (vaksne koller), for å sikre tilstrekkeleg uttak av desse dyregruppene. I tillegg kjem målet om å hindre for høgt uttak av vaksne bukkar.

## **Kontroll med uttaket underveis i jakta.**

Grunna den kraftige auken i samla tildeling av løyve, er det truleg at fellingsprosent vil gå ned ved årets jakt. Det er difor viktig å følgje med på uttaket underveis, slik at ein best mogleg klarer å tilpasse alders- og kjønnsfordelinga til strukturen i tildelinga.

Ved planbasert tildeling har ein moglegheit til å avvike årleg kvote med inntil 10 %, og eventuelt avtale bytte- og overgangsordningar mellom jaktfelt/vald i planområdet. Systemet har såleis innebygd ein viss fleksibilitet innanfor rammene. Dette finn ein ikkje ved årleg, «målretta tildeling». Her bør ein difor leggje opp til at fordelinga mellom skotne dyr passar best mogleg med tildelinga, sjølv om fellingsprosenten går ned. Vidare er det viktig å passe på at det ikkje vert felt fleire dyr innanfor kvar alders- og kjønnsgruppe enn tildelinga opnar for. Her har vald leiar og jaktleiar ei spesiell rolle, ved å informere om planlagt uttak og å halde kontroll på avskytinga. Dette gjeld òg ved planbasert forvaltning.

Med helsing

Hege Eeg  
einingsleiar

Martin Ivar Henden  
fagkonsulent landbruk

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

## Klage.

Det vert gjort merksam på at dette er eit vedtak gjort av kommunen som kan klagast på til Statsforvaltaren, jf. forvaltningslova § 28. Klagefrist er 3 veker rekna frå melding om vedtak er motteke, jf. forvaltningslova § 29. Klagen skal stilast til Statsforvaltaren Vestland, men sendast til Osterøy kommune. Klagen må grunngjenvæst. Part har høve til dokumentinnsyn, jf. forvaltningslova §§ 18-19.

## Vedlegg:

Forvaltningsplan for hjort 2022-2025\_revidert i PT

### Mottakar:

Aksel Øvsthus	Øvsthusvegen 43	5282	Lonevåg
Anders Hauge	Haugo 30	5281	Valestrandsfossen
Anders Vatle	Sundlandsvegen 88	5286	Haus
Andre Eidsheim Raknes	Raknes 11	5281	Valestrandsfossen
Arne Mæstad Hartveit	Gjerstadvegen 562	5282	Lonevåg
Arne Olai Kleppe	Osterøyvegen 2966	5283	Fotlandsvåg
Arve Merkesvik	Vestre Kleppsvegen 125	5283	Fotlandsvåg
Arvid Hopsdal	Tveitavegen 225	5282	Lonevåg
Bjørn Ove Aakre	Osterøyvegen 2812	5283	Fotlandsvåg
Eirik Edvardsdal	Valestrandsvegen 322	5281	Valestrandsfossen
Eivind Hagenes	Bruvikdalsvegen 999	5285	Bruvik
Frank Skjerping	Vedavegen 34	5282	Lonevåg
Hans Stammeshagen	Burkelandsvegen 42	5281	VALESTRANDSFOSSEN
Inge Ellmer Vikne	Lønborglien 286	5039	Bergen
Jan Kåre Rolland	Rødlandshaugen 31	5286	Haus
Jan Sigbjørn Dyrkolbotn	Osvassvegen 52	5284	Tyssebotnen
Johannes Seim Mjelde	Mjeldalen 219	5286	Haus
Johannes Tyssebotn	Vestre Kleppsvegen 122	5283	Fotlandsvåg
John Tysse	Åsgardane 292	5282	Lonevåg
Kåre Vigleik Gunnarskog	Stølsvegen 94c	5262	Arnatveit
Lars Kleppe	Fischers Veg 4	2819	Gjøvik
Lars Tyssebotn	Bernesvika 65	5283	Fotlandsvåg
Oliver Hosøy Østerbø	Hamrenesvegen 1127	5281	Valestrandsfossen

**Mottakar:**

Roald Helgesen	Askvegen 151	5306	Erdal
Rune Tepstad	Hjellvikvegen 536	5281	Valestrandsfossen
Sebastian Benedict Newman	Skorahaugane 2	5281	Valestrandsfossen
Reigstad			
Stein Magne Låstad	Kattuglebrotet 11	5099	Bergen
Ståle Nesse	Stormyrsvegen 46	5284	Tyssebotnen
Svein Arne Vatle	Askeland 58	5286	Haus
Svein Magne Vassdal	Bruvikdalsvegen 635	5285	Bruvik
Torbjørn Selle	Almåsvegen 80	5109	Hylkje
Tore Kalleklev	Kalleklauvvegen 118	5282	Lonevåg
Øystein Børteit	Raknesvegen 558	5281	VALESTRANDSFOSSEN
Øystein Raniseth	Hjellvikvegen 64	5281	Valestrandsfossen